


Til
Det norske finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo



Førde 29.06.08

Høyring – NOU 2008:7 Kulturmomsutvalet

Viser til tilsendt høyringsdokument vedrørende NOU 2008:7 Kulturmomsutvalet.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival handsama saka i styremøte 21.05.08, og festivalens høyringsfråsegn følgjer her.

Vi presiserer at festivalen har sett på konsekvensar av omlegging av momssystemet berre i høve til festivalen sjølv, og uttaler seg difor kun om det og ikkje om moglege konsekvensar for andre felt innan kultursektoren.

Festivalen har ikkje vesentlege innvendingar mot prinsippet i innføring endringar i momssystemet i tråd med det utvalet foreslår. Det er imidlertid avgjerande viktig at berekningane av eventuelt provenytap for Staten som følgje av ei omlegging blir riktige, dersom slike berekningar skal leggst til grunn for ei eventuell framtidig avkorting av det statlege driftstilskotet til festivalen.

Vi tillet oss å påpeike at den førebelse utrekninga av Statens provenytap som Kulturdepartementet har gjort for Førdefestivalen sin del, viste seg å vere estimert langt høgare enn realitetane viser når ein går inn i rekneskaps-tala. Dette har vi påpeika overfor Kulturdepartementet i eige brev. I utrekningane frå departementet var Statens provenytap berekna til kr 883 000, medan det i realiteten er om lag kr 158 000 når ein går inn og ser på realitetane i rekneskaps-tala frå 2006, som var grunnlaget for berekninga.

Det er difor svært viktig at ein ser utslag av ei omlegging i praksis før ein bereknar eventuell avkorting av offentlege tilskot. Det nye systemet kan slå ut ganske ulikt frå festival til festival. Dersom festivalen har ein stor del av sine utgifter knytta til artistutgifter og utgifter som det allereie vert gitt momskompensasjon for (til dømes portoutgifter) eller som har låg momssats (til dømes moms på reiser), vil eit nytt system føre til mindre utslag i totalbudsjettet enn i tilfelle der større del av festivalbudsjettet er knytta til utgifter som er momsbelagt og som det tidlegare ikkje er blitt gitt kompensasjon for.

Førdefestivalen har om lag 40% av sitt budsjett knytta til direkte til artistutgifter (honorar, reise, opphald) som har ingen eller låg mva-sats også etter dei nye reglane. Festivalen får allereie årleg ein kompensasjon for nokre av momsutgiftene på kr 45 000-50 000 årleg. Verknaden av kompensasjon for inngåande moms i høve til totalbudsjettet vil sjølvsagt reduserast tilsvarande ved ei omlegging.

Under føresetnad om at eventuell reduksjon i statsstøtte som følgje av statens provenytap vert gjort med grunnlag i dei faktiske forhold for kvar enkelt festival og ikkje berre på generelt grunnlag, ser vi ikkje store negative følgjer av innføring av eit nytt system i tråd med utvalget sitt forslag for Førdefestivalen sin del.

Med helsing


Hilde Bjørkum
direktør

